



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Teknisk drift	Arne Eikefet
	Arkivnr.: 15/3207	Klassering:

Trafikkplan Nordhordland. Innspel til kollektivtransport 2018.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Dei økonomiske rammene for kollektivtrafikken må aukast.
2. Viktigaste reiserelasjon for Nordhordland er Knarvik - Bergen. Det må vere effektiv lokal mating til Knarvik og regionstamveglinje med ekspressfunksjon til Bergen, ikkje som delvis lokalrute for Åsane.
3. Snøggbåten må ha effektive matelinjer og eit utvida tilbod på døgn- og vekesnivå.
4. Dei næraste åra vil det vere stadig utbygging i Knarvik og langs Fv 565 Knarvik - Alverstraumen. Vendepunkt for denne traseen må forlengast over Alversundbrua til Hilland/Alverstraumen.
5. Det må etablerast ringbussordningar i tettstodområdet Alverstraumen - Knarvik - Frekhaug og etter kvart også på Lindås og Ostereidet.
6. For å sikre at passasjerane kjem seg heim på kvelds- og nattestid på kvardagar og særleg helg. Seine kveldsruter for ringbussar i sentrale strøk må her vurderast.
7. Det er viktig å få etablert desentralisert innfartsparkering langs E39, Fv 57 og Fv 565 i samarbeid med SVV og Hordaland Fylkeskommune. Sykkelparkering må inngå her som eit attraktivt tilbod.
8. Knarvik må til ha ein vel fungerande skysstasjon, både permanent og midlertidig.
9. Geografiske områder der lite nytta busstilbod må utgreiast og uttestast med alternative løysingar, som td samarbeidsavtaler med taxinæringa.
10. Vedr skuleskyss ser ikkje kommunen pr i dag for seg større endringar i transportbehovet fram mot 2020.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet.

Bakgrunn

Som del av førebuinga til nytt bussanbod Nordhordland frå august 2018, vil det bli utarbeidd

ein trafikkplan for kollektivtrafikken i anbudsområdet. Trafikkplanen skal gi ein gjennomgang av dagens tilbod og trafikkgrunnlag, samt ei vurdering av framtidige reisebehov og etterspurnad etter kollektivtransport. Til grunn ligg Kollektivstrategi for Hordaland, som gir overordna føringar og prinsipp for prioriteringar og innretting av kollektivtilbodet.

Trafikkplanen skal danne grunnlag for arbeidet med å detaljere rutetilbodet i konkurransegrunnlaget for nytt tilbod, samt for årlege ruteendringar dei komande åra. Det er og eit mål at trafikkplanen skal vere relevant for planar og prosessar knytt til trafikkplanlegging i kommunane.

Skyss har i tidlegare møter med Regionrådet Nordhordland lagt fram forslag til ny regionstamlinje mellom Nordhordland og Bergen. Regionstamlinja vil utgjere største endringa i rutetilbodet, og vil bli tatt inn som del av trafikkplanarbeidet. Ein viktig del av arbeidet med trafikkplanen vil vere å avdekke kommunane sine planar som vil ha innverknad på etterspurnaden etter kollektivtransport. Vidare ønskjer Skyss å få innspel til kva prioriteringar kommunen ønskjer skal ligge til grunn for eventuelle endringar i høve dagens tilbod.

Trafikkplanen legg til grunn dagens produksjon som rammes for nytt tilbod. Det inneber at det ikkje vil vere rom for ei auke i tilbodet, men at det kan gjerast omprioriteringar innanfor dei gitte rammene.

Aktuelle spørsmål Skyss ønskjer tilbakemelding på er:

- Kva er dei viktigaste reiserelasjonane for innbyggjarane? Er det strekningar eller område som bør prioriterast framfor andre?
- I kva geografiske område ser kommunen for seg endra behov? Er det etablert eller planar om nye bustadområde eller verksemd som gir grunnlag for auke i tilbodet?
- Kvar ser ein at få brukar tilbodet som er der i dag? Er det område der kommunen ser at trafikkgrunnlaget har gått ned/er lågt?
- Kva kundegrupper ønskjer kommunen å prioritere? T.d. tilbod på dagtid for eldre eller kveldstid for unge? Pendlarar?
- Kva planar har kommunen for skulestrukturen? Samanslåing, nedlegging, nye skular eller anna relevant informasjon

Skyss vil på bakgrunn av eit breitt datagrunnlag, analysar og faglege vurderingar utarbeide eit framlegg til trafikkplan Nordhordland som skal leggest fram til politisk handsaming i fylket til hausten.

Det vert lagt opp til følgjande dialog med kommunane:

- Innspel om planar og prioriteringar, ref. punkta over vert sendt skriftleg til Skyss innan 1. juni. Oppfølgjande møter vert avtala med den enkelte kommune etter behov, og gjennomført før sommarferien.
- Presentasjon av framlegg til endringar og føringar for rutetilbodet vert gitt samla i eit felles møte med kommunane *før* politisk handsaming i fylkeskommunen. Innspele frå kommunane vil på denne måten bli fanga opp i saksgrunnlaget.

Trafikkplanen vil ikkje omhandle tema som ruteinformasjon, system for kjøp av billetter, takstar og soner. Dette er tema som vert handtert i eigne prosessar. Spesifikasjon av bussmateriell vil gjort ut frå omsyn til økonomi, effektiv ressursutnytting og miljø, og vil såleis heller ikkje vere tema i trafikkplanen

Vurdering:

I brevet frå Skyss er det understreka at kommunale innspel til endringar skal baserast på uendra økonomiske rammer i ruteområdet. Skal noko prioriterast opp, må altså noko anna prioriterast ned. Ettersom det er politisk vedteke at auken i transportbehovet i åra framover skal takast i hovudsak på kollektivtrafikken, så blir dette vanskeelig å få til. Rammene bør og må aukast, alternativ må inntektene aukast.

Viktigaste reiserelasjon for Nordhordland er Knarvik - Bergen. Det må vere effektiv mating til Knarvik og regionstamveglinje med ekspressfunksjon til Bergen, ikkje som delvis lokalrute for Åsane. Viktig også med regularitet slik at passasjerane ikkje treng sjekke rutetider på førehand.

Grunna trafikkutfordringane gjennom Åsane må det også vere gode matelinjer til/frå snøggbåten. For øvrig er det på tide å auke snøggbåttilbodet monaleg, både på døgn- og vekesnivå.

Dei næraste åra vil det foregå stadig utbygging i Knarvik og langs Fv 565 Knarvik - Alverstraumen. Vendepunkt for denne traseen må forlengast over Alversundbrua til Hilland/Alverstraumen.

Det bør vidare etablerast ringbussordningar i tettstadsområdet Alverstraumen - Knarvik - Frekhaug og etter kvart også på Lindås og Ostereidet.

Det er viktig å sikre at passasjerane kjem seg heim på kvelds- og nattestid, både kvardagar, men kanskje særleg helg. Særleg seine kveldsruter for ringbussar i sentrale strøk bør her vurderast.

For å auke bruken av buss er det viktig å få etablert desentralisert innfartsparkering langs E39, Fv 57 og Fv 565 i samarbeid med SVV og Hordaland Fylkeskommune. Sykkelparkering må inngå her som eit attraktivt tilbod.

Knarvik må til ei kvar tid ha ein vel fungerande skystasjon, både permanent og midlertidig.

Geografiske områder der lite nytta busstilbod bør utgreiast og uttestast med alternative løysingar, som td samarbeidsavtaler med taxinæringa.

Vedr skuleskyss ser ikkje kommunen pr i dag for seg større endringar i transportbehovet fram mot 2020.

Vedlagte saksdokument:

Trafikkplan Nordhordland - dialog med kommunane	103513	09.05.2016
---	--------	------------

Ikkje vedlagte saksdokument:

Kollektivstrategi for Hordaland – høyringsuttale frå Lindås, sak 39/14